


Skodalsåa Kulturstig

Skodalsåas Venner er i følgje vedtekten «ein interesseorganisasjon lland som i fyrste rekke skal bidra til å ta vare på og spreie kunnskap om kulturminne knytt til verksemder sprunge ut av dei mange bruksmåtane vatnet i Skodalsåa har hatt gjennom tidene og vil ha i nåtid og framtid».

Skodalsåas Venner vart stifta våren 2013. Arbeidet med Kulturstigen er det fyrste større tiltaket som er fullført.

Namna Skurdal, Skodal, Skodalsåa veit ein ikkje sikkert opphavet til. Ein teori til namnet er at elva skurar på berggrunnen nedover lia. På eldre kart kan ein finne Skurra som namn på elva. Ein har au kjelder som seier at namnet Skorilla/Skorvella har vore brukt. Bakgrunnen for dette namnet har rot i norrønt skor (skor, skorte, berghylle) og verbet vella som betyr koke, syde. Med andre ord blir tydinga «åa som kjem gjennom eit skar i åskammen og kokar og syder ned gjennom lia».

Skodalsåa Kulturstig er etablert med god støtte frå Sparebankstiftelsen DNB.



Skodalsåa kulturstig

Denne kulturstigen i Sør-Fron følger Skodalsåa frå utspringet ved Sintjønna, 956 moh., ned Skurdalslia og Skurdalsgrenda til åa ei mil lenger nede renn ut i Laugen ved Klokkarstranda ca. 190 moh. Øvre del av åa blir au kalla Sintjønnbekken. Ned mot bygda blir namnet Skodalsåa.

Kulturstigen følger stort sett gamle vegar, råk og stigar, og stigen går nær åa mesteparten av vegen. Nedanfor Torgerhaugen er au ei gammal vatningsveit merka som stig. Ved å følge denne kjem ein bort til Krokgeilen og kan gå ned til Saga og inn på hovudstigen att. Ved Klokkarstranda kan ein likeeins ta stigen bort til Hella og over Kleivin til Harpefossbrua. Derifrå kan ein ta gamle Gålåvegen opp Steindalsbakken mot hovudstigen ved Skoril.

Stigen er heile vegen merka med eigne skilt og i 2015 er følgjande infotavler sett opp:

- 1 Klokkarstranda
- 2 Ferdselsvegar langs Skodalsåa
- 3 Flom
- 4 Tørrstugu ved Skurdalshaugen
- 5 Smia på Skurdalshaugen
- 6 Vasskraft
- 7 Oppgangssag
- 8 Saga - Turbindrivi sirkelsag
- 9 Garveriet på Maurhaugen
- 10 Kvernhuset
- 11 Slit og moro ved Skodalsåa
- 12 Vatningsanlegg
- 13 Stampeberget
- 14 Dammar

Vil du vite meir
kan du skanne denne QR-koda
med APP Barcode scanner



Skodalsåas Venner ønsker alle GOD TUR!

